

**Sirdal kommune**

Sirdal kommune

Melding om vedtak

K-sak 13/75

Agder Vannkraft AS
Postboks 603, Ludsiden

4606 KRISTIANSAND S

DERES REF:

VÅR REF:

SAKSBEHANDLER:

ARKIVKODE:

DATO:

13932/2013 - 2007/609

Marit Auset

V60

21.10.2013

**SÆRUTSKRIFT - REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR
FINSÅVASSDRAGET - FØREBELS PRIORITERING AV KRAV**

Vedlagt følger særutskrift av saken som ble behandlet i kommunestyremøte 17.10.2013 K-sak 13/75.

Vedtaket er et enkeltvedtak og kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt innen fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den som har fattet vedtaket, oppgi vedtaket det blir klaga over, den eller de endringer som er ønskelige, og de grunner du vil føre for klagen. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid blir du også bedt om å oppgi når denne meldingen kom fram.

Dersom noen med klageadgang vil bestride gyldigheten av vedtaket, herunder fremme krav om erstatning, er det et vilkår for å reise sak for domstolene at vedkommende har benyttet sin adgang til å påklage vedtaket og at klagen er avgjort av høyeste klageinstans som står åpen. Det vises til forvaltningsloven § 27 b.

Med hilsen

Marit Auset
Arkivleder/konsulent



Revisjon av konsesjonsvilkår for Finsåvassdraget – Førebels prioritering av krav

LØPENR/SAKSNR: 11216/2013-2007/609	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 21.10.2013
---------------------------------------	--------------------------------	---------------------

Bakgrunn

Sirdal kommune har i brev av 29.6.2011 fremja krav om opning av revisjonssak for Finsåvassdraget.

NVE har i brev av 5. mars 2013 informert om at det, i medhald av vassdragsreguleringslova, skal gjennomførast vilkårsrevisjon for Finsåvassdraget.

NVE informerar om at hovudføremålet med revisjonen er å betra miljø- og naturforholda ved å avbøta ulemper som har oppstade som fylgje av reguleringa og utbygginga.

Eksisterande føresegner vedrørande høgaste og lågaste vasstand kan ikkje endrast ved denne revisjonen. Derimot kan føresegnene vedrørande manøvreringspraksis, minstevassføring, biotopjusterende tiltak og utsetjing av fisk endrast.

NVE har bede Agder Energi om å utarbeida eit revisjonsdokument. Før det ferdige dokumentet føreligg, skal Agder Energi senda NVE eit utkast til revisjonsdokument.

Sirdal kommune har i førekant av den forventade revisjonen utarbeidd eit kravdokument datert 6.5.2011. I utarbeidinga av dette dokumentet vart innbyggjarar, grunneigarar, brukarar, interesseorganisasjonar, regulant og regionale styresmakter inviterte til å koma med innspel. Det vart også avhalde møter med dei aktuelle grendene.


Kravdokumentet inneheld ei beskriving av ulempene Finså-utbygginga har påført dei aktuelle områda med tilhøyrande krav og forslag til avbøtande tiltak.

I brev frå NVE vedrørande melding om oppstart av revisjonssak vert det etterspurt at kommunen føreteik ei prioritering og grunngjeving av punkta i kravdokumentet. Dette skal spelast inn til Agder Energi i samband med utarbeidinga av revisjonsdokumentet.

Rådmannen har i år hatt to møte med Agder Energi vedrørande oppstarten av revisjonsarbeidet. Eit tredje møte er planlagt i løpet av hausten.

Agder Energi har også stilt til møte med fleire av grunneigerane i høve til Finså-utbygginga. Enkelte av punkta i krav-dokumenta, som tidlegare har vore uavklarte, synest no å kunna finna si løysing som eit resultat av desse møta.

Finså-
utbygginga:



Postadresse:
Rådhuset
4440 Tonstad

Besøksadresse:

Telefon: 38 37 90 00
Telefaks: 38 37 90 01
Bank kto.: 31320700038

Internett: www.sirdal.kommune.no
E-post: post@sirdal.kommune.no
Org.nr.: 964964165

Innspela i kravdokumentet er som fylgjer:

Generelt

- Ulemper knytte til stor reguleringshøyde.
- Kulturminne i reguleringssona blir vaska ut og øydelagde.
- Problem med tilgroing på elvestrekningar med redusert vannføring.
- Fiskeutsettinger / fiskekultivering må følgjast betre opp.

Bjørnestadvatn

- Reguleringshøgde og manøvrering i Bjørnestadvatnet.
- Problem med frostrøyk.

Nespervatn

- Reguleringshøgde og manøvrering i Nespervatn.
- Behov for opprydding i enden av Nespervatn.

Furevatn

- Reguleringshøgde og manøvrering i Furevatn.

Kulivatn

- Utbetring av båtopptrekket.
- Tilrettelegging for vandring og gyting for fisk.
- Utbetring av snuplass / parkeringsplass.
- Rydding av sauevei langs Piggstølvatnet.

Lindvatn

- Reguleringshøgde og manøvrering av Lindvatn.
- Minstevannsføring i Lindåna.

Finså (Osen – Tonstad)

- Erosjon av elvekant.
- Bygging av tersklar mellom Osen og Feed.
- Minstevannsføring.
- Rydding av vegetasjon i elvefaret.
- Redusera negativ visuell effekt av rørygate til Finså kraftstasjon.

Sagåi, Furåi og Kulihølen

Ingen innspel.

Hemså

- Minstevannsføring.
- Tilgroing i det gamle elveløpet.
- Opprydding / rensk i bekkeinntak.

Mjåvatn / Mjådalen

- Oppføring av ny bru i Mjådalen.
- Usikker is på Mjåvatn.
- Sikring av ut- og innløp.
- Opprenskning og graving i nytt elveløp i Mjådalen.
- Generell opprydding i Mjådalen

Andre problemstillingar og krav

- Krav om at det vert gjeve høve til at konsesjonen skal kunna takast opp til ny alminneleg revisjon 30 år etter at vilkåra i denne runde er fastsette.
- Modernisering av vilkåra med omsyn til naturforvalting.
- Generell modernisering av vilkåra.
- Vidareføring av viktige vilkår i eksisterande konsesjon.
- Krav om oppretting av miljøfond for finansiering av avbøtande tiltak.
- Krav om at avvegingar mellom kostnader og nytte for avbøtande tiltak vert gjort etter dagens situasjon der økonomisk risiko er vesentleg redusert og økonomisk resultat er vesentleg styrka i høve til situasjonen då konsesjonen vart gjeven.
- Krav om at ein vesentleg del av evt. auke i nedbørsmengdar som ei fylgje av klimaendringar vert nytta til å avbøta negative effektar av utbygginga.
- Konsesjonsavgifter og næringsfond bør reviderast og aukast i tråd med at verdien av vannkraft har auka i høve til andre innsatsfaktorar sidan opprinneleg konsesjon vart gjeven.
- Køyremønsteret i magasina har endra seg. Manøvreringa foregår meir intensivt enn det som vart forespeglad då opprinneleg konsesjon vart gjeven. Burde nytt regime for manøvrering vore underlagt eiga konsesjonshandsaming?

Påpekiningar:

- Det bør stillast spørsmål om det er behov for styrka kontrollfunksjon for å fylgja opp regulantens gjennomføring av vilkår og pålegg.
- Vil be NVE om å bidra til ei meir systematisk oppfølging av konsesjonsvilkåra.
- NVE bør bidra til, på eit tidlegast mogeleg tidspunkt, å avklara tilhøvet mellom revisjonen av konsesjonsvilkåra og vannforskriftsarbeidet.
- Ein må leggja til grunn eit samarbeid med regulanten for å finna løysingar på dei problemstillingar som kan løysast gjennom forhandlingar.

Vurdering

NVE har i sitt brev av 5.3.2013 bede Sirdal kommune om å *“begrunne og prioritere sine krav og foreslå tiltak for å bote på ulempene som har oppstått som en konsekvens av utbyggingene”*

I kravdokumentet er dei forskjellige punkt sett fram utan innbyrdes prioritering. Talet på krav er omfattande, samstundes som dei er spelte fram frå ei rad forskjellige personar og interessentar. Krava er av svært forskjellig karakter.

Prioriteringane som vert gjort i denne saka er førebelse. Føremålet er å klargjere kommunen sin ståstad slik at det vert lettare for Agder Energi å utarbeide eit godt revisjonsdokument. Ny kunnskap og nye argument som kjem fram i løpet av den vidare prosessen, vil kunne føre til justeringar i kommunen sine prioriteringar.

Rådmannen foreslår at følgjande krav får prioritet:

- Minstevassføring i Hemså og Finnså.
- Manøvreringsrestriksjonar for Bjørnestadvatnet.
- Forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.
- Redusere negativ visuell effekt av røyrgata til Finså kraftstasjon.

Minstevassføring:

Nedre del av Hemså er prega av tilmudring og gjengroing. Det er å forventast at dette i stor grad heng saman med manglande vassføring i elva.

Finså har som eit resultat av skogsvekst og manglande vatn "blitt borte". Finså var tidlegare eit synleg og levande landskapselement i eit område der det bur og ferdast mykje menneske.

Det har frå Agder Energi vorte påpeikt at mange av manglane ved ei tilnærma tørrlagt elv kan løysast på andre måtar enn ved slepp av vatn. Ein kan byggja tersklar for å få på plass vasspegel, ein kan rydda elvelaupet for å hindra at elva gror igjen og der er sannsynlegvis også andre tiltak som i nokon grad kan vega opp for ulempene med at hovudparten av vatnet har blitt borte.

Det er likevel ikkje mogeleg å løysa alle element vedrørande regulerte elvestrekningar utan at det også i tørre periodar renn eit visst minstemål av vatn der.

Agder Energi har under utarbeiding fagrapportar for Finså, Hemså og Lindåna. Det er Terrateknikk ved Tor Kviljo som lagar rapportane. Desse rapportane vil m.a. ta føre seg spørsmåla vedrørande verdi av minstevassføring i høve til økologien i elvane. Rapportane vil sannsynlegvis verta ferdige utpå hausten. Desse rapportane vil verta vedlagt saka neste gong ho kjem opp. Det vert anten i form av ei seinare politisk handsaming, eller når revisjonsdokumentet vert sendt på høyring.

Med bakgrunn i det ein veit i dag, meiner ein det er grunn til å prioritera Hemså og Finså når det gjeld minstevassføring. I begge tilfelle er det i sommarhalvåret det er viktigast at elvane renn.

Dette tydar på ingen måte at kommunen ikkje ser behov for minstevassføring i Sagåna, Furåna, Lindåna og Kulihølen. Hemså og Finså vert prioritert fordi det er her behovet synes vera størst.

Manøvreringspraksis:

Vasstandsvariasjonane i magasina er pr. i dag større og hyppigare enn det som var førespegla under den opphavlege konsesjonshandsaminga. Det har vorte påpeikt at dagens reguleringsregime har endra seg så mykje i høve til opphavlege konsesjon av 1961, at det ikkje lenger er opplagt at dagens køyring er i tråd med gjeldande konsesjon.

Agder energi er samde i at manøvreringa har endra seg, men innvender at endringane ikkje er så store at det er snakk om ny praksis.

Ein må også vera klar over at ønske om innføring av restriksjonar på vasstandsvariasjonar vil vurderast opp mot at prislappen for dette samfunnsmessig kan verta relativt høg. Eit kost / nytte perspektiv er difor viktig å ta med seg i slike vurderingar.

Det er Bjørnestadvann som er det mest synlege av magasina i Finså-utbygginga. Dette gjeld både for fastbuande og for dei som køyrer forbi. Det har tidlegare vore eit problem i Bjørnestadvatnet at matjord har blitt vaska ut i magasinet under flaumperiodar. Bakgrunnen for dette har vore erosjon av lausmassar i magasinet som ei fylgje av varierende vasstand.

Ein vil difor be om at det vert innført restriksjonar på manøvreringa av Bjørnestadvatnet.

Høgaste og lågaste vasstand:

Bjørnestadvatnet er i dag tillate med inntil 15 meters senking. Som ovanfor nemnt er ikkje føresegnene for høgaste og lågaste vasstand i dei forskjellige magasina oppe til revisjon i denne runde. Ein vil likevel be om at dette punktet vert sett i samanheng med evt. køyrerestriksjonar for Bjørnestadvatnet, og at Bjørnestadvatnet i sommarhalvåret vert kravd regulert over eit nærare bestemt minstenivå.

Ein har rett nok større reguleringshøgdar i fleire av dei andre magasina (Nespervatn 29 m, Furevatn 15 m, Kulivatn 35 m og Lindvatn 20 m). Men både i høve til fastbuande og dei som kører forbi, er Bjørnestadvatnet det langt synlegaste av desse magasina.

Tiltak gjeldande oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.

Sedimentering synest å vera eit relativt lite problem i dei elvane det her er tale om. Unntaket er fyrst og fremst i nedre del av Hemså. Ein har også noko tilgroing av skog i elvelaupa til Hemså, Furåna, Sagåna og Finså.

Agder Energi bør etter vår oppfatning lage forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing. Dette kan til dømes gjerast ved at Agder Energi utarbeidar to planar for oppreinsking av desse elvestrekningane. Ein plan for oppreinsking av sedimentavsetjingar og ein for rydding av skog som veks opp i elvelaupa. Begge planar må innehalda eit oppsett for kva for nokre elvestrekningar som skal verta rydda år for år framover. Krav til gjennomføring av denne planen, og til oppsyn med gjennomføringa av han frå kommunen si side, må også takast med i dei reviderte konsesjonsvedtektene.

Andre krav:

Når det gjeld kravet vedrørande at fiskekultiveringstiltaka må fylgjast betre opp, så har Agder energi i sommar sett i verk omfattande fiskeundersøkingar i alle magasina i Finså-vassdraget. Undersøkingane vert utførte av Gustavsen naturanalysar.

Kravet om å redusera det visuelle inntrykket av røyrsgata til Finså kraftstasjon bør takast til fylgje. Aktuelle tiltak kan t.d. vera tilplanting eller maling.

Forslag til vedtak

Sirdal kommune prioriterer følgjande krav:

- Minstevassføring i Hemså og Finnså.
- Manøvreringsrestriksjonar for Bjørnestadvatnet.
- Forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.
- Redusere negativ visuell effekt av røyrsgata til Finså kraftstasjon.

Prioriteringane er førebelse. Ny kunnskap og nye argument som kjem fram i løpet av prosessen vidare, vil kunne føra til endringar i prioritering.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 10.09.2013 – PS 13/95.

Behandling

Votering

Rådmannens forslag til vedtak ble enstemmig tilrådt.

Tilråding fra utvalg teknikk, landbruk og miljø.

Sirdal kommune prioriterer følgjande krav:

- Minstevassføring i Hemså og Finnså.
- Manøvreringsrestriksjonar for Bjørnestadvatnet.
- Forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.
- Redusere negativ visuell effekt av røyrsgata til Finså kraftstasjon.

Prioriteringane er førebelse. Ny kunnskap og nye argument som kjem fram i løpet av prosessen vidare, vil kunne føra til endringar i prioritering.

Saksprotokoll i Formannskapet - 26.09.2013 – PS 13/97

Behandling

Utvalg for oppvekst og levekårs tilråding ble enstemmig tilrådt.

Formannskapets tilråding

Sirdal kommune prioriterer følgjande krav:

- Minstevassføring i Hemså og Finnså.
- Manøvreringsrestriksjonar for Bjørnestadvatnet.
- Forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.
- Redusere negativ visuell effekt av røyrkata til Finså kraftstasjon.

Prioriteringane er førebelse. Ny kunnskap og nye argument som kjem fram i løpet av prosessen vidare, vil kunne føra til endringar i prioritering.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.10.2013 – PS 13/75

Behandling

Formannskapets tilråding ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Sirdal kommune prioriterer følgjande krav:

- Minstevassføring i Hemså og Finnså.
- Manøvreringsrestriksjonar for Bjørnestadvatnet.
- Forpliktande planar for oppreinsking av vatn og elvar, sediment og tilgroing.
- Redusere negativ visuell effekt av røyrkata til Finså kraftstasjon.

Prioriteringane er førebelse. Ny kunnskap og nye argument som kjem fram i løpet av prosessen vidare, vil kunne føra til endringar i prioritering.

Christina Ødegård
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent

Parter i saken:

Agder Energi Vannkraft AS
Kristiansand

PB 603 Lundesiden

4606

Norges vassdrags- og energidirektorat

PB 5091 Majorstuen

0301 Oslo